

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet, møte 13.april 2016

Notat - politisk handsaming av regional cruisestrategi

Vestlandsrådet vedtok 05.12.2014 at dei fire vestlandsfylka skulle starte eit arbeid om ein felles cruisestrategi. Strategien har vore under utarbeiding hausten 2015 og vart sendt ut på høyring før påske med høyringsfrist 02.05.2016. Dette er likt for alle fire fylkeskommunane. Det er fastsett handsaming av cruisestrategien i Vestlandsrådet 26.05.2016.

Det vil vere naturleg at cruisestrategien vert politisk handsama i Fylkesutvalet, men møteplanen tillet ikkje handsaming i fylkesutvalet etter at høyringsfristen går ut og før handsaming i Vestlandsrådet 26.05.2016.

Fylkesutvalet har møte 04.05.2016, men då rekk vi ikkje handsaming i hovudutvalet.

Fylkesdirektør for næring har gjort avtale med fylkesrådmannen om at cruisestrategien vert lagt fram i hovudutvalet 12.05.2016 og vidare til handsaming i Vestlandsrådet og at Fylkesutvalet vert orientert om dette gjennom dette notatet.

Fylkesrådmannen vonar fylkesutvalet finn dette akseptabelt.